



Høyringsfråsegn til lovendringsframlegg frå Bondeungdomslaget i Oslo

§ 9 Målbruk

Det nynorske språket har vore sentralt i NU frå starten av.

Bondeungdomslaget i Oslo er med i Noregs Mållag i tillegg til å vere med i NU. Vi ser det som problematisk at NU vil tone ned krav til nynorsk, og opplever det som eit domenetap for nynorsken om det vert slik.

Nynorsken treng eigne arenaer der språket står sentralt og vert mykje brukt for å kunne vere ein del av mangfaldet i samfunnet. Det er difor også viktig å ha nasjonale organisasjonar som markerer seg med bruk av nynorsk.

Avregulering av målbruk (og rusfritt miljø) kan dessutan vere med på å gjere NU meir utydeleg og mindre attkjenneleg. Det kan medverke til at det vert det færre verdibaserte saker som kan mobilisere og engasjere medlemmer.

Vi ønskjer at NU fokuserer på positive tiltak som kan gjere det lettare og meir motiverande å nytte nynorsk. Det finst ein del ressursar som kan nyttast som kjelder og til inspirasjon, då meir bruk av nynorsk er etterspurt i mange samanhengar.

Språkbruksplanen som er foreslått bør gå ut på å leggje til rette for god bruk av nynorsk i organisasjonen.

Det bør vere krav til full bruk av nynorsk i sekretariat, sakspapir sentralt i organisasjonen, og i kommunikasjon med større målgrupper. Det bør vere tilbod om opplæring der det er aktuelt.

Dette bør ikkje vere til hinder for kommunikasjon med interessantar som ikkje kan dei norske språka, der det er føremålstenleg.

All bruk av bokmål kan ikkje vere utelukka. At NU svarar enkeltmedlemmer på bokmål som sjølve nyttar det, og at dei får t.d. egne innlegg publisert på bokmål, må vere greitt.

Vi må godta eit visst mangfald av språk i organisasjonen, samstundes som vi vil at nynorsken skal vere ein tydeleg del av mangfaldet i samfunnet. Difor må vi akseptere at lokallag som ønskjer det sjølv kan nytte bokmål og andre språk i sin kommunikasjon.

Vi foreslår at § 10 språkbruk vert slik

§ 10 Språkbruk

1. Tillitsvalde, tilsette, lag og lagsbruk i Noregs Ungdomslag pliktar å verne om det norske språk- og dialektmangfaldet. Noregs Ungdomslag har eit særleg ansvar for å verne om og nytte nynorsk. NU skal ha klare retningslinjer for at administrasjonen skal nytte nynorsk.

2. NU skal ha ein språkbruksplan for sentralledet i organisasjonen som fremjar, legg til rette for og krev bruk av nynorsk. Dette skal ikkje vere til hinder for at lokallag og enkeltmedlemmer sjølve kan nytte bokmål og andre språk i organisasjonen.

§ 10 Rusgift

BUL Oslo støttar ei endring i paragrafnummer og tittel slik at det kjem tydeleg fram at NU skal ha ein trygg samværskultur. Vi støttar også at etiske retningslinjer blir tatt med i paragrafen.

Vi meiner at NU framleis skal vere ein rusfri organisasjon på sentralt nivå.

Vi foreslår denne formuleringa:

§ 2 Trygg samværskultur

1. Noregs Ungdomslag skal arbeide aktivt for å skape ein rusfri og trygg samværskultur for alle, ~~og legge til rette for rusfrie møteplassar.~~

2. ~~(alt. 1) og (alt. 2)~~

3. Styret i Noregs Ungdomslag vedtek etiske retningslinjer som gjeld for heile organisasjonen, og peikar årleg ut 2 verneombod for Noregs Ungdomslag.

For BUL i Oslo

Astrid Marie Grov, dagleg leiar